

Statsråden

Finnmark fylkeskommune
Fylkeshuset
Henry Karlsens pl. 1
9815 VADSØ

Dykkar ref

Vår ref
07/2976-1 EN

Dato
11.01.08

Statsbudsjettet 2008 - Kap. 551 post 60 Tilskot til fylkeskommunar for regional utvikling - Tilskotsbrev - Overføringer - Rapportering.

1. Innleiing

Vi syner til St.prp. nr. 1 (2007-2008) for Kommunal- og regionaldepartementet og til orienteringsbrev av 5. oktober 2007. I dette tilskotsbrevet gjev Kommunal- og regionaldepartementet rammene til fylkeskommunane over kap. 551 post 60, for budsjettåret 2008, på grunnlag av endeleg budsjettvedtak i Stortinget. Brevet inneheld også presiseringar i høve til dei dokumenta som er nemnde over.

2. Ramme

Samla løyving på posten inkludert Interreg er 1 231,85 mill. kr (ekskl. Oppland).

Ramma til Finnmark fylkeskommune er fastsett til 121,49 mill. kr. Av dette beløpet er 5,33 mill. kr sett av til den statlege delen av finansieringa av Interreg IV A Nord og ENPI. Fylkeskommunen vil såleis få overført 116,16 mill. kr til anna regional utvikling.

Finnmark som sekretariatsfylke for ENPI, vil få overført 7,995 til dette grenseregionale samarbeidet. Interreg IV A-beløpet vert overført til sekretariatfylket for det aktuelle programmet ,jf. vedlegg 2.

Oversikt over fordelinga til dei enkelte fylkeskommunane og Oslo kommune er gjeve i vedlegg 1. Den endelege løyvinga og fylkesfordelinga er ikkje endra i høve til orienteringsbrevet.

Løyvinga som er stilt til rådvelde skal disponerast i samsvar med Reglementet for

økonomistyring i staten.

http://www.regjeringen.no/nb/dep/fin/tema/Statlig_økonomistyring.html?id=1440.

3. Fristar i 2008

1. februar	Frist for innlegging av rapportering for 2007 i Rapp13.50
16. april	Frist for beskrivande årsrapport 2007
1. juni	Frist for rapportering av transportstønad for transportar i 2007 (sjå punkt 8.1 B)
15. august	Frist for halvårsrapport 2008
15. august	Frist for innspel om omstillingsbehov i 2009

4. Overordna distrikts- og regionalpolitiske mål og strategiar

Dei overordna måla for distrikts- og regionalpolitikken til regjeringa er nedfelt i St.meld. nr. 21 (2005-2006) *Hjarte for heile landet. Om distrikts- og regionalpolitikken*. Regjeringa ønskjer å gi folk ein reell fridom til å velja kvar dei vil bu og leggja grunnlaget for å ta heile landet i bruk. Regjeringa vil leggja til rette for likeverdige levekår i heile landet og oppretthalda hovudtrekka i busetnadsmønsteret. Politikken skal medverka til ei balansert utvikling mellom by og land. Auka verdiskaping og styrka lokal og regional vekstkraft er både eit verkemiddel for å få til dette og eit mål i seg sjølv.

5. Mål for dei særskilte distrikts- og regionalpolitiske verkemidlane under Kommunal- og regionaldepartementet

Departementet har i St.prp. nr. 1 (2007-2008) konkretisert ein heilskapleg målstruktur for dei distrikts- og regionalpolitiske verkemidlane på budsjettet til departementet under programkategori 13.50. Målstrukturen skal vere dekkande for alle tiltak det er aktuelt å bruke desse midlane på og er delt i følgjande "Hovudmål" og "Arbeidsmål":

Hovudmål	Arbeidsmål
1. Verdiskaping: Auka verdiskaping, sysselsetjing og internasjonalt konkurransedyktig næringsliv gjennom næringsutvikling, innovasjon og entreprenørskap, geografisk differensiert og i hovudsak nytta innanfor det distriktpolitiske verkeområdet	1.1 Styrka næringsmiljø: Utvikla lokale og regionale næringsmiljø og innovasjonssystem som gjev betre vilkår for innovasjonsbasert verdiskaping. 1.2 Vidareutvikla etablerte bedrifter: Auka innovasjonsevna og –takten i etablerte bedrifter. 1.3 Entreprenørskap: Auka omfanget av lønnsame etableringar.
2. Rammevilkår: Gode lokale og regionale rammevilkår for næringsliv og folk, geografisk differensiert og i hovudsak nytta innanfor det distriktpolitiske verkeområdet	2.1 Kompetanse: Styrka fysisk infrastruktur og redusera avstandsulemper i område med få innbyggjarar og små marknader 2.2 Infrastruktur: Styrka grunnlaget for kompetanseheving for folk og i samfunns- og arbeidslivet.
3. Attraktivitet: Utvikla attraktive regionar og sentra for folk og næringsliv,	3.1 Tenester: God tilgang på grunnleggjande lokale tenester til innbyggjarane i områder med få

geografisk differensiert og i hovudsak nytta innanfor det distriktpolitiske verkeområdet	innbyggjarar og små marknader 3.2 Stadutvikling: Gjera mindre sentra og små og mellomstore byar meir attraktive og aktuelle som bustad og som lokaliseringsstad for bedrifter
--	---

Fylkeskommunane prioriterer sjølv mellom ulike typar innsats i samråd med regionale partnerskap, innanfor nasjonale mål, rammer og retningsliner for posten. Dei operative måla i tabellen ovanfor dannar grunnlag for registrerings- og rapporteringssystemet frå fylka og for rapportering om bruken av midlane til Stortinget. Mange utfordringar, prioriterte tema og spesielle satsingar i distrikts- og regionalpolitikken vil gå på tvers av inndelingane i denne målstrukturen. Den konkrete aktiviteten innanfor prioriteringane kan likevel som hovudregel vert knytt til målstrukturen gjennom rapporterings-kategoriane i Rapp13.50.

Målgrupper

Innanfor måla legg departementet vekt på at målgruppene kvinner og unge skal få eit særskilt fokus. Dette er grupper som utgjør ein stor ressurs som synes å vera for lite utnytta i dag. Det er særleg viktig at kvinner og ungdom blir prioriterte i arbeidet med entreprenørskap. Dette kan medverke til at dei kan skapa eigne lønsame arbeidsplassar nær heimstaden og styrkja den lokale arbeidsmarknaden og næringsmiljøet. Også ulike innvandrargrupper utgjør ein ressurs og bør sjåast på som eiga målgruppe.

I dag er kvinner underrepresenterte som mottakarar og deltakarar i bruken av dei distrikts- og regionalpolitiske verkemidlane under departementet. Over kap. 552, post 72 Nasjonale tiltak for regional utvikling forsterkar departementet difor ulike satsingar på kvinner og entreprenørskap under dei nasjonale verkemiddelaktørane for å auka kvinndelen i alle program med låg kvinndel. Målet er at innan 2013 skal 40 % av innsatsen på dei næringsretta midlane treffe kvinner.

For å medverka til å nå målet til departement om auka satsing på kvinner oppfordrar departementet fylkeskommunane til å prioritera kvinner i forvaltninga av dei distrikts- og regionalpolitiske midlane generelt, og spesielt til å setje måltal for kvinndel innanfor dei bedriftsretta midlane forvalta av Innovasjon Noreg.

6. Om bruken og fordelinga av midlane

• Retningsliner og verkeområde

Nye og felles retningsliner for kap. 551 postane 60 og 61 er i vedlegg 3. Endringane som er gjort sidan 2007, gjeld punkt 2 og punkt 7 om transportstøtte, punkt 5 om skatteplikt og retningslinene sitt vedlegg 1 om offentleg støtte. I 2007 kom det nye EU/EØS-retningsliner for offentleg støtte til forskning, utvikling og innovasjon. Departementet gjer merksam på at SIVA sine verkemidlar skal notifikiserast for godkjenning av ESA etter desse retningslinene. Retningslinene klargjer kva for grenser som finst i høve til offentleg støtte til verkemiddel som til dømes næringshagar og inkubatorar. Innovasjon

Noreg sine verkemidlar for støtte til forskning, utvikling og innovasjon er notifisert og er venta godkjent av ESA våren 2008.

Det er opp til fylkeskommunane om dei vil utarbeida meir detaljerte retningslinjer, både for eigen bruk og overfor verkemiddelaktørane på lokalt og regionalt nivå.

Midlane skal i hovudsak nyttast innanfor det distriktpolitiske verkeområdet. Retningslinjene og oversikt over det nye og utvida distriktpolitiske verkeområdet som vart gjort gjeldande frå og med 1. januar 2007 ligg på nettsidene til KRD, under Distrikts- og regionalpolitikk, retningslinjer m.v., <http://www.lovddata.no/for/sf/kr/kr-20061215-1455.html>

- **Mål- og resultatstyring**

St.prp. nr. 1 (2007-2008) og tilskotsbrevet til fylkeskommunane inneheld ikkje oppfølgingskriterium som kan etterprovast. Fylkeskommunane skal sjølv utarbeida eit mål- og resultatstyringssystem, med eigne mål, strategiar, oppfølgingskriterium og resultatkrav som svarar til måla for regional utvikling i fylkesplanen, innanfor nasjonale mål og rammer. Dette skal synleggjerast i handlingsprogrammet til fylkesplanen og/eller regionale/lokale utviklingsprogram. Midlar til Interreg IVA-programma skal nyttast i samsvar med dei gjeldande programdokumenta.

- **Innovasjon i Nord-Noreg/Nordområdestrategien**

Departementet legg stor vekt på at midlane til regional utvikling over kap. 551 post 60 stør opp under nordområdestrategien til regjeringa gjennom å styrka det innovasjonsretta arbeidet i landselen, m.a. med vekt på regionale næringsklyngar med stort innovasjonsfokus, nye kunnskapsintensive næringar knytte til regionale fortrinn, kompetanseutviklingstiltak retta mot lokale verksemdar og styrking av entreprenørskap.

Det er viktig at innsatsen frå fylkeskommunane blir sett i samanheng med programverksemda for næringsutvikling under dei nasjonale verkemiddelaktørane. Departementet vil i 2008 samarbeide med fylkeskommunane og andre viktige aktørar i fylka om oppfølging av tilrådingane frå gjennomgangen av bruken av dei distrikts- og regionalpolitiske verkemidlane i Nord-Noreg. Departementet vil og medverka med ein særskilt innsats frå kap. 552 post 72 på 10 mill. kr i 2008 for å stø opp under vidareutviklinga av det innovasjonsretta arbeidet i landsdelen, med vekt på reiseliv og olje og gass.

6.1 Ny ordning for stønad til små nyetablerte vekstføretak i det distriktpolitiske verkeområdet (NyVekst)

Kommunal- og regionaldepartementet ønskjer å utnytta handlingsrommet som det nye regelverket for regionalstønad i EØS-området gjev. Departementet vil difor samarbeida

med fylkeskommunane og Innovasjon Noreg om å oppretta ei ny stønadsordning retta mot små nyetablerte vekstføretak i det distriktspolitiske verkeområdet. Ordninga er spesiell da ho opnar for å gi stønad over fleire år på grunnlag av viktige driftsutgifter for etablerarar. Ordninga skal medverka til at fleire etablerarar med særskilte vekstpotensial kan få realisert sine idéar, og at gjennomførings- og overlevingsevna for nyleg etablerte føretak med stort vekstpotensial aukar.

Departementet legg opp til at ordninga skal bli forvalta av Innovasjon Noreg, og at ho i hovudsak skal finansierast over dei desentraliserte midlane til fylkeskommunane, på line med annan føretaksstønad. Difor inkluderer auken i midlane til fylkeskommunane til saman 35 mill. kr som grunnlag for å kunna ta i bruk den nye ordninga. Den fylkesvise fordelinga av midlane skjer med utgangspunkt i fordelingsnøkkelen på posten og er vist i ein eigen kolonne i vedlegg 1. I tillegg vil Innovasjon Noreg få tildelt 5 mill. kr frå kap. 552 post 72 som skal brukast i samfinansiering med regionale midlar for å sikre ei utjamning slik at gode prosjekt i heile verkeområdet kan få stønad, også prosjekt i dei fylka som i utgangspunktet får ein svært liten del av dei 35 mill. kr. Departementet har ambisjonar om at om lag 40 pst. av midlane skal gå til vekstbedrifter som er eigde eller leia av kvinner.

Normalt vil føretaka få stønad i tre år, og grunnlaget for stønaden vil variera med storleiken på føretaket. Difor kan mellom 15 og 35 verksemdar kome inn i ordninga i 2008, avhengig av storleiken på stønaden til kvar verksemd og storleiken på ordninga i kvart fylke. Storleiken på ordninga i kvart fylke vil vera avhengig av at fylkeskommunane prioriterer dette ut frå vurderingar av behov m.m., men departementet legg vekt på at ordninga blir teken i bruk.

Departementet ønskjer ei opptrapping av ordninga i samsvar med intensjonen om å ta i bruk handlingsrommet innanfor regelverket for regionalstønad, men må vurdere dette i høve til budsjettsituasjonen.

Ordninga er nå godkjend av ESA. Innovasjon Noreg vil utvikla konkrete kriterium og retningslinjer for bruk av ordninga i samarbeid med departementet og fylkeskommunane. Innovasjon Noreg skal følgja opp regionkontora med rettleiing, informasjon og utvikling av felles praksis.

I og med at ordninga vil medføre stønad til same verksemd over fleire år, er det viktig å sikra at Innovasjon Noreg har grunnlag for å kunna gi verksemda lovnader om dette, med atterhald om budsjettsituasjonen. Departementet legg difor til grunn at fylkeskommunane og regionkontora avklarar seg i mellom korleis dei skal følgja opp gitte tilsegner innanfor rammene for ordninga som fylkeskommunen og Innovasjon Noreg blir einige om i det enkelte fylke for kvart år.

6.2 Skjønstildelingane

- **Kommunale/regionale næringsfond**

Skjønstildelinga av 100 mill. kr til kommunale/regionale næringsfond vert vidareført i 2008. Departementet meiner slike næringsfond er viktig for arbeidet med lokal

næringsutvikling og ønskjer difor å gjera det mogleg for fylkeskommunane å fylla på kommunale/regionale næringsfond innanfor det distriktspolitiske verkeområdet. Fylkeskommunane kan leggja føringar på bruken av desse midlane innanfor ramma av regelverket for statsstøtte. Departementet ber fylkeskommunane om å krevja rapportering frå kommunane/regionråda på bruken av desse midlane gjennom rapporteringsverktøyet Rapp13.50 (tidlegare Rapp 551.60 og Rapp 551.61). Sjå meir om dette i punkt 8.2 nedanfor.

- **Regional omstilling**

I 2008 vert det skjønntildelt 45 mill. kr til omstilling på kap. 551 post 60. Tildelinga er basert på innspel frå fylkeskommunane om spesiell omstillingstrong i regionar og lokalsamfunn (sjå frist for innspel i 2008 under punkt 3). Fylkeskommunane skal rapportere spesielt på evt. del av ramme som er nytta til omstillingsutfordringar, jfr. vedlegg 3.

Innovasjon Noreg vil også i 2008 får ei ramme på same nivå som i 2007 over kap. 552, post 72 for å ivareta rolla som nasjonalt kompetanseorgan på omstilling overfor fylkeskommunane og kommunane.

Av og til oppstår det kriser i lokalsamfunn med eit omfang som kan gjera det naudsynt med ein ekstrainsats frå staten utover dei skjønntildelte omstillingsmidlane over kap. 551, post 60. I St. meld. nr. 21 (2005-2006) side 67, er det definert kva kriterium som skal leggjast til grunn for når det kan vera aktuelt for staten å gå inn med ein ekstraordinær innsats. Departementet vil da ta omsyn til eventuelle skjønsmidlar som er avsette til det aktuelle området.

- **Europeisk territorielt samarbeid/Interreg IVA**

I 2008 vert det skjønntildelt 69,13 mill. kr til fylkeskommunane som den statlege finansieringsdelen for norsk deltaking i det europeiske territoriale samarbeidet, Interreg IVA.

For 2008 og for resten av programperioden legg departementet til grunn den justerte fordelinga av Interregmidla mellom fylkeskommunane som vart gjort i dialog og gjennom avklaring mellom departementet og fylkeskommunane i samband med godkjenninga av dei ulike programma. Midlane til det enkelte program vil framleis bli overførte direkte til sekretariatsfylka.

6.3 Tilhøvet til andre aktørar og operatøransvar for bedriftsretta verkemidlar

Departementet legg framleis til grunn at det skal vera eit klart skilje mellom det strategiske og det operative ansvaret for bruk av dei regionale utviklingsmidlane. Fylkeskommunane skal sjølve ikkje vera operatør for direkte bedriftsretta verkemidlar, men skal nytta Innovasjon Noreg som operatør for slike ordningar. Unntaket frå denne

regelen er direkte verksemdstønad i form av transportstønad jfr. brev av 30. april 2007 til utvalde fylker. Regjeringa har etter ynskje frå fylkeskommunane notifisert, og fått godkjend av ESA, ei ordning for regional transportstønad, med eit verkeområde som omfattar kommunar i fylka Finnmark, Troms, Nordland, Nord-Trøndelag, Sør-Trøndelag, Sogn og Fjordane, Hordaland og Buskerud. Det går fram av nemnde brev at fylka sjølve vel kven som skal ha operatøransvaret for transportstønaden. Andre fylke kan ikkje gi generell regional transportstøtte.

Kommunar eller regionråd som får regionale utviklingsmidlar til å fylla opp sine kommunale eller regionale næringsfond, kan sjølve vera operatør for direkte bedriftsretta verkemidlar innanfor ramma av bagatellstønad og dei til einkvar tid gjeldande gruppeunntaka. Dette gjeld også kommunar/regionar som får tildelt fond i samband med omstillingsarbeid.

Det er viktig at fylkeskommunane arbeider med å vidareutvikla partnerskapa slik at representantar frå næringslivet, FoU, universitets- og høgskulemiljø, kommunane og frivillige organisasjonar kan samarbeida om bruken av verkemidlane. Tidlegare evalueringar har m.a. synt for svak deltaking og involvering frå næringslivsaktørar i partnerskapsarbeidet. Erfaringa frå arbeidet med dei næringsretta utviklingsmidla over kap. 551, post 61 har synt at det er mogleg å få til eit større engasjement og ei meir aktiv deltaking frå næringslivet i slike prosessar.

Fylkeskommunane må utforma oppdrags- eller tilskotsbrev til verkemiddelaktørar som skal forvalta midlar på vegne av fylkeskommunen. I desse breva kan fylkeskommunane leggja regionale føringar for bruken av verkemidlane og for rapportering, til dømes overfor lokalkontora til Innovasjon Noreg, basert på drøftingar i partnerskapet. Det er viktig at breva vert sende til aktuelle verkemiddelaktørar så raskt som mogleg etter at rammene er klare, og seinast innan utgangen av første kvartal. Det er også viktig at midlane vert overførte til verkemiddelaktørane etter avtale slik at verkemiddelaktørane unngår likviditetsproblem.

6.4 Spesielle satsingar under Kommunal- og regionaldepartementet

Kommunal- og regionaldepartementet har sett i gang fleire satsingar der samarbeid med fylkeskommunane og verkemiddelaktørane er viktig:

- **Småsamfunnssatsinga**

Departementet vil gi stønad til nye pilot- og forsøksprosjekt i småsamfunnssatsinga i 2008. Omfanget vil vera mindre enn i 2007. Det er sett av ei samla ramme på om lag 12 mill. kr til nye prosjekt i 2008. I tillegg er det sett av midlar til å vidareføre prosjekt sett i verk i 2006 og 2007. Fylkeskommunane, med ansvar for størstedelen av dei distrikts- og regionalpolitiske verkemidlane, vil bli trekte inn i prioriteringa av nye tiltak i 2008.

Departementet vil senda eige brev til fylkeskommunane med invitasjon til å koma med forslag.

- **Stadutvikling - utvikling av attraktive småbyar og tettstadar:**

Departementet vil i 2008 styrkja satsinga på stadutvikling som ledd i KRD sin strategi for utvikling av attraktive stader. I samarbeid med Husbanken, har departementet utvikla programmet BLEST (BoLyst og Engasjement i Småbyar og Tettstader) - eit program for ny giv og nye metodar i kommunalt utviklingsarbeid innan stadutvikling. Programmet er eit initiativ for å setta fokus på attraktive stader og velfungerande, trygge og identitetsskapande lokalsamfunn der folk vil bu og der næringslivet vil utfalde seg. Husbanken har solid kompetanse på korleis dei kan gjennomføra breie utviklingsprosessar lokalt knytt til fysisk utvikling av stader og sosiale møteplassar. Husbanken skal samarbeida med fylkeskommunane om dei konkrete lokale prosjekta. Fylkeskommunane kan sjølv oppsøka Husbanken si heimeside for meir informasjon.

- **Kultur og næring**

Departementet vil i 2008 styrkja satsinga på kultur og næring og legg i den samanhengen opp til å vidareutvikla programarbeidet under Innovasjon Noreg, SIVA og Forskingsrådet. Departementet vil også vurdere ulike tiltak og nokre få nye pilotprosjekt som kan styrkja *kulturbasert stadutvikling*, basert på innspel frå mellom anna fylkeskommunar.

Det er og behov for å systematisera og formidla kunnskap og erfaring frå dei ulike aktivitetane som verkemiddelaktørane har sett i gang frå 2006. Forskingsrådet vil derfor tidleg i 2008 starta evalueringa av aktuelle pilotprosjekt, tiltak og program. Departementet tek sikte på å arrangera regionale konferansar om kultur og næring, for å medverka til spreieing av erfaringar frå relevante aktivitetar i kultur og næringssatsinga. Departementet vil kome attende med meir informasjon om dette.

- **Distriktssenteret**

Departementet legg opp til at det nye Kompetansesenter for distriktutvikling, Distriktssenteret, skal vera i operativ drift frå andre halvår i 2008. Senteret skal mellom anna arbeida med oppbygging og spreieing av kunnskap om lokal samfunnsutvikling. Distriktssenteret vil få avdelingar i Alstahaug, Sogndal og Steinkjer, med til saman 16 - 20 tilsette. Departementet legg vekt på at senteret skal verta ein medspelar for fylkeskommunane, særleg med omsyn til utviklingsstrategiar og erfaringsoverføring om vellukka tiltak når det gjeld utvikling av lokalsamfunn i dei mest utsette områda. Fylkeskommunane vert bedt om å vurdere korleis dei kan nytta senteret i sitt utviklingsarbeid.

- **Profileringskampanje for distriktskommunar**

Som ei oppfølging av innspel frå Bulystrådet har departementet sett i gang eit prosjekt for å få ei meir systematisk profilering og marknadsføring av distriktskommunar. For

at kommunar i distrikta skal trekkja til seg fleire unge og folk i etableringsfasen er det eit mål at kommunar, regionar og lokalsamfunn vert flinkare til å marknadsføre seg. Kampanjen vil difor ha fokus på kompetanseheving og tiltak som inspirerer til dette. Parallelt vurderer departementet ei kampanje som viser fram dei moglegheitene som finnes i Distrikts-Noreg. Departementet vil kome tilbake med meir informasjon om dette i 2008.

6.4 Andre løyvingar innanfor 13.50 som fylkeskommunen forvaltar.

- **Kap. 551 post 61 Næringsretta midlar til regional utvikling – kompensasjon for bortfall av differensiert arbeidsgjevaravgift**

Departementet kan i 2008 totalt disponera 623,75 mill. kr på denne posten. Dette er det same som i 2007, korrigert for venta prisjustering og konsekvensen av venta sysselsettingseffekt. Fordelinga til den enkelte fylkeskommune vil liggja føre tidleg i 2008, avhengig av når naudsynt underlagsmateriale frå Statistisk sentralbyrå er klart .

Fordi avgiftsfordelen f.o.m. 2007 følgjer adressa til verksemda (lokalisering) og ikkje bustadadressa til arbeidstakaren, vil det oppstå ein differanse mellom løyving på posten og dei fylkesfordelte kompensasjonsmidlane. I 2007 hadde Stortinget ikkje merknader til at denne differansen mellom løyvd ramme og faktisk tildelte kompensasjonsmidlar ("restmidlane") kunna nyttast til breibandsnett, innanfor heile det distriktpolitiske verkeområdet. For 2008 vil denne satsinga på breiband bli vidareført. I fylke med full breibandsdekning eller der dette målet vert nådd på annen måte, kan desse restmidlane verta nytta til annan infrastruktur, som til dømes betre mobildekning, og næringstiltak etter avtale med departementet. Departementet vil kome tilbake til opplegg for bruken av restmidlane i samband med tildelingsbrevet for kap. 551 post 61 tidleg i 2008.

7. Budsjettstyring og rekneskap

- **Overføring av midlar**

Rammene til fylkeskommunane vert i hovudsak overførte tre gonger i året, rundt 1. februar, 1. juni og 1. oktober. Departementet vil overføra midlane til same konti som i 2007 dersom ikkje fylkeskommunane gjev annan beskjed. Departementet vil neste år sjå på utbetalingsrutinane til fylkeskommunane.

- **Rekneskap, oppfølging og kontroll**

Det må førast eigen rekneskap for bruken av midlane. Rekneskapen skal førast slik at det til ei kvar tid går fram kva aktørar og prosjekt som er tildelt midlar og kor mye. Departementet og Riksrevisjonen kan til ei kvar tid be om innsyn i bruken av midlane.

- **Skatteplikt**

Departementet gjer merksam på at enkelte former for bedriftsstøtte er skattepliktige, jfr. skatteloven § 5.30. Dette gjeld mellom anna transportstøtte, opplæringsstilskot og

andre tilskot som reduserer driftskostnadane. Investeringsstilskot som er gjeve i tråd med Forskrift om geografisk verkeområde og bruk av dei regional- og distriktspolitiske verkemidla, er ikkje skattepliktige i det distriktspolitiske verkeområdet. Vi viser til retningslinene Del I punkt 5.

8. Rapportering, evaluering og dialog

Løyvingane frå departementet til fylkeskommunane over kap. 551 post 60 vert dels fordelte til andre verkemiddelaktørar og dels forvalta av fylkeskommunane direkte. Departementet legg stor vekt på ein samla og likearta rapportering om all aktivitet som er finansiert med innsats over programkategori 13.50. Opplegget for rapportering om bruken av midlar over kap. 551 post 60 er tilpassa dette. Det vert og vist til brev av 10. desember 2007 om evaluering av kap. 551 post 60 som nyleg er sett i gang, jfr. punkt 8.1D seinare i dette brevet.

8.1 Rapportering frå fylkeskommunane

A. Årleg rapportering

Årsrapporten skal vera todelt, i ein beskrivande del og ein statistikkdel:

1. Den beskrivande delen

Fylkeskommunane skal innan 16. april 2008 oversenda ein beskrivande rapport til departementet for bruken av midlane for 2007. Denne rapporten skal seie noko om grunngevinga for prioriteringa av midlane frå kap. 551 post 60 og post 61. Vi ber om ei samla vurdering i høve til alle midlane, ikkje bare dei som vert forvalta av fylkeskommunen. Vi ber også om framstilling av viktige aktivitetar og døme på spesielle satsingar og samarbeidsprosjekt, og omfanget av partnerskap og samarbeid i det enkelte fylke. Fylkeskommunane skal også gje ei utgreiing om eventuell omstillingsinnsats i enkeltkommunar/regionar. I vedlegg 4a er det lagt inn ein mal for den beskrivande årsrapporten og ei liste over stikkord som framstillinga av eksempel bør innehalda. Det er viktig at alle fylka nyttar denne malen slik at rapporteringa skjer i ei enskapleg form.

Departementet ber spesielt om at fylkeskommunane synleggjer godt kva for føringar som vert lagt til grunn for midlar som Innovasjon Noreg, kommunane og andre forvaltar på vegne av fylkeskommunane. Departementet ønskjer også å få tilsendt fleire framstillingar av gode eksempel på innsats. Departementet gjev skriftlege tilbakemeldingar på rapporteringa.

2. Statistikkdelen

Statistikkdelen er basert på rapporteringssystemet Rapp13.50 (tidlegare Rapp 551.60, Rapp 551.61 og Fond2000) som sendast til departementet via operatøren for systemet (Spine). Rapporten skal omfatta midlar frå både kap. 551 postane 60 og 61. Fristen for

fylkeskommunane til å leggja inn registreringsinformasjon frå rapporteringsåret 2007 er 1. februar 2008.

Statistikkdelen skal syna:

- Fordeling av alle midlane frå kap. 551 post 60, på ulike aktørar som forvaltar midlar, også fylkeskommunane sjølv.
- Registrering av tiltak med midlar forvalta av fylkeskommunane på hovudkategori og eventuell underkategori, samt spesielle, tverrgåande registreringstema. Dette gjeld også midlar til konkrete Interregprosjekt.
- Midlar frå fylkeskommunane til spesielle program/tiltak under t.d. SIVA, Forskingsrådet og Ungt entreprenørskap skal registrerast som vanlege tiltak under fylkeskommunane, dersom dei ikkje inngår i større rammer.

Vedlegg 4b inneheld ein oversikt over dei hovudtypane av kategoriar og tverrgåande tema som fylkeskommunane skal rapportera på, og definisjonar og forklaringar på innhaldet i rapporteringa.

Registreringskategoriane for 2008 byggjer på kategoriane for 2007, men framstillinga av og rettleiinga for kategoriane er justert og gjort enklare, m.a. i samarbeid med ei arbeidsgruppe med representantar frå fylkeskommunane. Departementet vonar dette skal medverka til å forenkla og styrka kvaliteten på rapporteringa.

Innovasjon Noreg rapporterar direkte til departementet om bruken av midlar frå kap. 551, post 60 til bedriftsretta stønad gjennom sitt eige rapporteringssystem.

Kommunar, regionråd og landsdelsamanslutningar skal rapportera om bruken av midlane gjennom bruk av Rapp13.50. jfr. punkt 8.2 nedanfor. For transportstønad gjeld spesielle reglar for rapportering, jfr. punkt B under.

B. Spesielt om rapportering om transportstønad, (gjeld berre i utvalde fylker, jfr. punkt 6.3.

Fylkeskommunane skal innan 1. juni 2008 rapportera om midlar til transportstønad, som grunnlag for departementet si rapportering vidare til ESA¹. I høve til brev av 30.

¹ Dei verbale rapportane må synleggjera at ordninga er praktisert innanfor dei nasjonale retningslinjene. Fylkeskommunane må spesielt synleggjera at transportstøtta til einskildverksemdar ikkje overstig maksimalt stønadsnivå i høve til desse retningslinjene. Dei verbale rapportane skal omfatta all transportstønad, også den som Innovasjon Noreg eller andre operatørar forvaltar.

I Rapp 13.50 skal fylkeskommunane rapportera om namn på verksemd, storleik på stønad, storleik på verksemda (talet på tilsette), næringskode (tosiffer NACE) og kommunenummer.

Dersom fylkeskommunane nyttar eigne midlar til transportstønad og fylkeskommunen sjølv er operatør for midlane, må det opprettast eiga ramme for "transportstønad fylkesmidlar" i Rapp 13.50. Det skal kryssast av for "ja" til at ramma er rapporteringspliktig til departementet.

Dersom operatøransvaret vert lagt til Innovasjon Noreg, treng fylka berre å leggja inn transportstønaden som ei rammeoverføring til Innovasjon Noreg. Då får departementet den detaljerte rapporten direkte frå

april 2007 til særskilte fylke, skal departement ha rapport på alle midlar som blir brukte under ordninga med regional transportstønad. Dette gjeld midlar over kap. 551 postane 60 og 61 og eigne fylkeskommunale midlar. Dette gjeld ikkje transportstøtteordningar som ikkje er omfatta av EØS-avtalen, til dømes innafor landbruk og fiskeri.

C. Rapportering 1. halvår 2008

Fylkeskommunane skal innan 15. august 2008 senda inn ein kort rapport om midlane for 2008 som gjev grunnlag for departementet si rapportering til Stortinget i samband med statsbudsjettet for neste år. Denne rapporten skal innehalda ei oversikt over korleis rammene for kap. 551 post 60 og kap. 551 post 61 er planlagt disponert på dei ulike aktørane som Innovasjon Noreg, SIVA, fylkeskommunen sjølv og kommunane (kommunale/regionale næringsfond). Det må og gis ein oversikt over dei kommunane/regionane som vert tildelt midlar til kommunale næringsfond. Rapporten skal også innehalda ein oversikt over rammer som er planlagde disponert til omstilling og europeisk territorielt samarbeid (Interreg).

D. Evalueringar og dialog

Departementet vil evaluera bruken av midlane over kap. 551 post 60 i 2008. Det er oppretta ei referansegruppe som vil følgja evalueringsarbeidet, med representantar frå tre fylkeskommunar, Innovasjon Noreg og departementet. Resultatet av arbeidet vil bli rapportert til fylkeskommunane og til Stortinget på eigna måtar. Det er viktig at fylkeskommunane sjølve gjennomfører evalueringar av eigne satsingar og program, og at departementet vert halde orientert om dette. Kravet til evalueringar er forankra i økonomireglementet (§ 16) og er ein viktig del av arbeidet med å korrigera innretning, omfang m.v. på tiltaka.

8.2 Rapportering frå kommunar, regionråd, landsdelssamanslutningar

Kommunar, regionråd og Landsdelsutvalet for Nord-Noreg og eventuelt andre landsdelssamanslutningar skal rapportera om bruken av midlar frå kap. 551 post 60 som dei har fått tildelt frå fylkeskommunane gjennom same Rapp13.50 som fylkeskommunane brukar. Fylkeskommunane har ansvar for å sjå til at dette skjer. Departement ber fylkeskommunane vidareformidla dette kravet i samband med overføring av midlar til kommunale eller regionale næringsfond og landsdelssamanslutningar og følgja det opp, til dømes i samband med overføring av midlar påfølgjande år. Fylkeskommunane må sjå til at kommunane vert informert om sjølve programmet Rapp13.50, kor det kan lastast ned og kven som kan gje bistand.

Innovasjon Noreg. Talrapportane skal framleis inngå som en del grunnlaget for den verbale rapporteringa frå fylkeskommunane til departementet i 2008 for året 2007.

I den grad fylka nyttar andre operatørar enn Innovasjon Noreg eller seg sjølve, må operatøren fylla ut eit excel-skjema, som inneheld relevant informasjon, jamfør vedlegg 4c. Excel-skjemaet skal sendast inn til departementet innan 1. juni 2008.

Departementet har tidlegare teke opp problema knytte til manglande rapportering frå kommunale næringsfond, regionale fond og Landsutvalet for Nord-Noreg. Vi understrekar at det er ansvaret til fylkeskommunane å sørgje for at aktørar fylka delegerar midlar til, også rapporterer til departementet om bruken av midlane.

Omstillingsfond vert å sjå som kommunale eller regionale næringsfond. Det skal difor rapporterast på kommunale omstillingsfond på same måte som for kommunale eller regionale næringsfond.

9. Intern kontroll

I retningslinene for kap. 551 postane 60 og 61 (del II, punkt 3) står det at fylkeskommunane, basert på vurdering av risiko og kor viktig eit tema er, skal etablera eit forsvarleg og nyttig system for tilskotsforvaltning. Departementet syner til eige brev om internkontroll av 24. oktober 2006, der vi bad fylkeskommunane om ei tilbake-melding på dei systema og rutinane som er etablert. Vi syner også til internkontroll som tema på erfaringskonferanse med fylkeskommunane i oktober 2007. Det er og viktig at ein tar etiske omsyn i saksbehandlinga.

10. Avslutning

Det vil som kjent bli gjennomført ei forvaltningsreform frå 1.1.2010, jfr. St.meld. nr. 12 (2006-2007). Eit høyringsnotat med konkretisering av dei oppgåvene som vert varsla i St.meld. nr. 12, vil etter planen bli sendt ut om kort tid. Reforma er viktig for både fylkeskommunane og dei nasjonale verkemiddelaktørane. Forvaltningsreforma vil vere eit naturleg tema på mange av dei møteplassane departementet har med verkemiddelaktørane. Oppdatert informasjon vert gjeve på www.regjeringen.no/krd.

Eg vil be om at fylkeskommunen orienterer partnerskapen om innhaldet i dette brevet og ønskjer fylkeskommunen og partnerskapen lukke til med utviklingsarbeidet i fylka i 2008!

Med helsing

Magnhild Meltveit Kleppa

VEDLEGG

Vedlegg 1:	Fylkesfordeling av kap. 551, post 60 (tabell) med Oppland
Vedlegg 2:	Fordeling av Interregmidlar på sekretariatsfylka
Vedlegg 3:	Retningslinjer
Vedlegg 4a:	Beskrivande årsrapport til Kommunal- og regionaldepartementet
Vedlegg 4b:	Registreringskategoriar til Statistikkdel til statistikkrapporteringa
Vedlegg 4c:	Rapporteringsskjema for transportstøtte
Vedlegg 5:	Oversikt over løyvingane over programkategori 13.50 i 2008

Vedlegga finnast også på: www.regionalpolitikk.no

Kopi til:

Fiskeri- og kystdepartementet

Innovasjon Norge Finnmark

Innovasjon Norge Hovedkontoret

Kultur- og kirkedepartementet

Landbruks- og matdepartementet

Landsdelsutvalget for Nord-Norge

Miljøverndepartementet

Norges forskningsråd

Nærings- og handelsdepartementet

Plan- og administrasjonsavdelingen

Riksrevisjonen

SIVA - Selskapet for industrivekst SF

Utenriksdepartementet